Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28 — Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Bø.

Emne: Drikk til maten til kvardag — Bygdelag:

Oppskr. av: Olav Nordbø. — Gard: Nordbø.

(adresse): Bø Telemark — G.nr. 54 — Br.nr. 8 og 10.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eigne oppskr.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1

Dei nytta tykk og sur mjølk. Dei brukar nå mykje meir mjølk enn dei gjorde før.

2

Ja dei drakk „mjølkrikke" som torstedrykk.

~~Dei brukta~~ 3

Dei bruka blande (dei blanda surmjølk og vatn), helst når det var varmt (i slåtten), primblande og vassmjøl au.

Øl.

4 Dei hadde oppå tå ølfatunner: godt øl og spassøl (det seie og: Stuttøl) Som bryggja både til jul og til slåttanna. Elles skjenkte dei øl på framandfolk — i ølbollar som dei tappa i av ølfatunna i kjellaren.

5229

## Kaffi

5.

For 100 år sia på lag.

6.

Blei mei ålment brukt for 60-70 år sia. Dei drukk 3–4 ganger dagen.

8 Dei kokar vatn på kjelen og mal kaffi på kvern og har oppi. I det siste får dei malen kaffi kjøpt.

Dei ville bruka klareskinn i kaffen så han skulle skirne (av tarrfisk) dei nytta åt ein gjeld.

Dei spådde i kaffegruten.

9

Dei bruka får kandis-sukker.

Dei hadde romm (fløyte) i kaffen andre ikkje. Der var gamle som na ostelaket i kaffen.

### 11 Te.

Te blir lite bruka. Før hende det dei koka te av tyttebærlyng.

### 12 Brennevin.

Dei kunne skjenke brennevin i onnetid når det var framleg og i dugnad.

Elles var det heil framande og i lag og lyd.

### Nyare drykk.

Nå er det mange som kjøper øl.

5229

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING